

Bok på 1-2-3

Skogen den grøne

Av Ruth Lillegraven

Illustrert av Mari Kanstad Johnsen



Tverrfagleg opplegg for 7. klasse i faga norsk og kunst og handverk. Det er også mogleg å kople opplegget til overordna del av læreplanen, til dømes knytt til identitet eller respekt for naturen og miljøbevisstheit. Opplegget kan tilpassast ungdomstrinnet.

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør
- Gjere boka klar for skermvising i klasserommet

Til læraren

Skogen den grøne er innhaldsrike dikt om naturen som alltid er i endring og som byr inn til utfalding av fantasi, leik og undring. Skogen kan vere ein fredfylt fristad, men kan også bere med seg kjensler som frykt og mørke. Dikta skildrar i hovudsak overgangen frå seinsommar til haust og vinter.

Du kan lese meir om dikta i denne bokmeldinga på Barnebokkritikk:
www.barnebokkritikk.no/magisk-natur-og-mørke/

Formål

Norsk

- lese lyrikk, noveller, fagtekstar og annan skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og samtale om formål, form og innhald
- utforske og beskrive samspelen mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage eigne samansette tekstar

Kunst og handverk

- teikne form, flate og rom ved hjelp av verkemiddel som kontrastar, skugge, proporsjonar og perspektiv

1 Før lesing (15 minutt)

Samtale om framsida på boka.

Skogen den grøne er ei dikt-samling. Dikta kan også lesast som små forteljingar. Boka kan lesast frå start til slutt, eller vi kan lese eitt og eitt dikt i den rekkefølgja vi vil.

- Kva slags forventningar har de til dikt?
- Ser eller høyrest diktsjangeren ut på ein særskild måte?
- Er diktsjangeren noko anna enn til dømes ein teikneserie, ei faktabok eller ein grøssar?

Sjå på framsida av boka.

- Kva legg de merke til?
- Kva slags kjensle vil de seie at biletet uttrykker?
- Kva tenkjer de om tittelen?
- Kva slags samanheng er det mellom biletet og tittelen?



2 Lesing (45 minutt)

Del klassen inn i grupper som fordeler dei 13 dikta. Be elevane om å lese dikta dei har fått utlevert, i gruppa tre gonger. Her er det viktig å vere konsentrerte og ikkje forstyrre dei andre gruppene. Be dei dessutan om å gjere følgande for kvar gjennomlesing:

- Kva legg de merke til medan de les?
- Kor godt tykkjer de at de forstår diktet? Gjerne på ein skala frå 1 til 10.

Når kvart dikt er lese tre gonger, noterer de utviklinga i forståing av kvart dikt. Har de spørsmål til dikta? Skriv dei ned.

Kva er det dikta gjer med oss? Dikt er små forteljingar med få ord, som likevel fortel mykje. Dikt gjer at vi hugsar ting vi har opplevd sjølve.




3 Etterarbeid (30 minutt)

Klassesamtale:

- Kva vart de merksame på?
- Kva synest de var lett å forstå? Kva var meir vanskeleg?
- Kva overraska dykk?
- Kva spørsmål sit de att med til kvart av dikta?

Fordjuping i fire dikt. Læraren les dei i plenum:
«Inn i skogen», «Haust», «Årstidene», «Flaggermus»

- Kva tenkjer de om tittelen til desse fire dikta?
- Korleis vil de beskrive kva dikta handlar om?
- Kven er hovudkarakteren i dikta?



Til slutt kan de ta stilling til kva de meiner om dikta:

- Liker de dikta? Kvifor/kvifor ikkje?

4 Aktivitet (45 minutt)

I skogen: Skogstur. Ver i noet. Bruk sansane. Lukt på mose, smak på bær/kløver, kjenn på borken på trea. Pust. Prøv å setje di eiga oppleving av å vere i skogen i fokus, samstundes som du er ein del av ei gruppe/klasse. Lag turen i skogen til noko som er godt for deg og dei du har rundt deg.



I klasserommet:

1. Ditt første haikudikt: Skriv eit moderne haikudikt om opplevinga. Eit haikudikt er delt i tre linjer med $5 + 7 + 5$ stavingar. Haikudikta er haldne i notid, dei skal vise til ei årstid, og det skal gjerne skje ei rørsle i diktet.

*Mosen kitlar meg
Grøn, gråspregd, stiv og gammal
Frisk og klok du er*

2. Lag eit skogbilete i storleik A4 med mørk grøn eller brun bakgrunn og lysare skogfargar på målinga. La deg inspirere av uttrykket i illustrasjonane til Mari Kanstad Johnsen. Lim haikudiktet ditt inn i biletet. Gjer deg flid.
3. Ram inn med farga papp i storleik A3, og heng opp i ei klasseromsutstilling.

5 Tilleggsressursar

Kjelder og ekstrastoff

De kan også sjå nærmere på desse kjeldene for å finne ut meir som passar til emnet:

Allkunne.no

Digitalt oppslagsverk på nett. Her finn du også faktastoff om mellom anna haikudikt, plantar, dyr og fuglar.

Framtidajunior.no

Engasjerande avis for barn på nynorsk. Søk på ordet «skog» og du vil finne aktuelle nyhende, artiklar og oppgåver om temaet.

Naturfagsenteret.no

Bøker

- Hansen, Julie Holdal og Vassenden, Eirik (red.) (2018): *Inn i naturen. 101 norske dikt.* Oslo. Det Norske Samlaget.
- Wollen, Ellen-Beate (2014): *Gratis mat. 50 ville og velsmakende vekster.* Oslo. J. M. Stenersen Forlag AS.
- Enstad, Martin-Oskar (2014): *Familieturen – Oppskrift på de kuleste familieturene.* Oslo. IKO-Forlaget.